

ALVER KOMMUNE
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 30.10.2023
Vår ref.: 202316550-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 23/6598 - 23/80255

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE si fråsegn - Høring - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygg på gnr. 239 bnr. 112, Eknes ytre - Alver kommune

Vi viser til brev datert 23.10.2023 med høring av dispensasjonssøknad.

Om NVE

NVE er mynde for nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til tryggleik mot flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, samt anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE skal hjelpe kommunane med å førebygge skader frå naturfarar og overvatn ved å bygge opp og legge til rette for eit godt kunnskapsgrunnlag, og gi rettleiing.

NVE prioriterer rettleiing og uttalar i arealplansaker, særleg kommuneplanar og større reguleringsplanar, og har ikkje kapasitet til å vurdere alle dispensasjonssøknader konkret. Vi har difor utarbeidd denne generelle rettleiinga for dispensasjonssaker, knytt til tiltak som kan være utsett for naturfare, og tiltak nær vassdrag og anlegg for energi.

NVE si generelle rettleiing

Om dispensasjon

Etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2, kan kommunen «*gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov*». Det kan ikkje gjevast dispensasjon dersom «*hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt*». De må vurdere konkret om vilkåra for dispensasjon etter pbl. § 19-2 er stetta, og om fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Sikker byggegrunn ved bygge- og deletiltak

Kommunen må ikkje gi godkjenning til utbygging i fareområde, utan at tryggleiken er teken i vare. Dersom tiltaket kan være utsett for naturfare, som flaum og skred, skal kommunen sjå til at tiltakshavar dokumenterer at krava i pbl. § 28-1 og byggteknisk



forskrift (TEK17) kap. 7, er stetta. Krav til tryggleik gjeld ved alle typar byggearbeid og deling jf. temarettleiinga frå Direktoratet for byggkvalitet (DiBK) om [utbygging i fareområde](#) kap. 2.7-2.9.

Å dispensere frå kravet til sikker byggegrunn i pbl. § 28-1 vil kunne auke faren for tap av/skade på menneskeliv eller skade på eigedom, noko som vil kunne innebere at omsynet bak føresegna blir sett til side, og at dispensasjon dermed ikkje kan gjevast. Dette er presisert i kap. 3.5 i rundskriv H-5/18. [Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD, no KDD).

Tiltak som ligg nær vassdrag

For tiltak nær vassdrag, må ein vurdere om omsynet til vassdrag og vassdragsverdiar er teke i vare. Det gjeld ei generell aktsemdsplikt for tiltak i vassdrag ([vassressurslova](#) § 5), som inneberer at ein kvar skal opptre med aktsemd for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr ([vassressurslova](#) § 11).

Kommunen må også sjekke om vassdraget er verna. [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag](#) gjeld hovudelv, sideelver, større bekker, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m breidde på sidene av desse. Tiltaket må ikkje komme i konflikt med vernegrnlag og verneverdiar for området, sjå [NVE sine nettsider for informasjon om vernegrnlaget](#).

Korleis ta omsyn til naturfare, vassdrag og anlegg for energi

Vi viser til vår [kartbaserte rettleiing for reguleringsplan](#), som også er relevant ved dispensasjon. Den vil leie dykk gjennom våre fagområde, og gi dykk verktøy og innspel for å ta i vare desse.

Sjå våre [internettsider for arealplanlegging](#) for ytterlegare informasjon om våre fagområde. Her er informasjonen og rettleiinga delt inn etter plannivå og bygge- og dispensasjonssak.

De kan ta kontakt med NVE dersom de treng konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:
ALVER KOMMUNE

Kopimottakarar: